

Hordland fylkeskommune

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2013000423 - 16	Saksbeh:	Harald Jordal	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2016011757	Telefon:	53 65 40 23	K2 - Q10	29.06.2016

## Uttale til Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 frå Odda kommune

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.*

*Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.*

Vennlig hilsen  
For Stab

Ole Jørgen Jondahl  
rådmann

Harald Jordal  
kommunesekretær



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda kommunestyre	22.06.2016	064/16

## Uttale til Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 frå Odda kommune

Dokumentnr	Tittel
293380	Nasjonal transportplan 2018-2029 - invitasjon til å gje innspel
293379	Nasjonal transportplan 2018-2029 invitasjon til å gje innspel

### Ordføraren sitt forslag til

#### vedtak:

1. Odda kommunestyre stør opp Haukleivegen as sin uttale slik det går fram av saksutgreiinga under Appendix 1.

Odda kommune kan ikkje godta løysingar for E 134 over Haukelifjell som ikkje tilfredsstiller kravet om vintersikker veg.

2. Vidare støttar Odda kommune opp om Hardangerrådet IKS si fråsegn til NTP pkt 1 – 13 som vedlagt i Appendix 2, med slike konkrete tillegg / presiseringar:

#### Pkt 3: Merknad / presisering

- Krav: Ferdigstilling av den vestlege Røldalstunellen på E 134 og avklaring og oppstart av den austlege Røldalstunellen i 1. ste planperiode.
- Krav: Rassikring av Rv 13 : Odda - Tyssedal på strekninga Freim – Kvitura var inne i førre NTP i 1.ste periode. Den er i dag planlagt og prosjektert. No er tiltaket heilt fjerna. Det er ikkje akseptabelt!! Strekninga er ein del av stamvegen Odda – Voss og er tilførselsveg til Hardangerbrua frå E 134 både frå aust og vest. I tillegg er den ein svært viktig internveg mellom Odda og Tyssedal, samt austsida i Ullensvang og Odda by. Rassikringstiltaket må inn att i 1. periode.
- Krav: Igangsetting av KVU for Hordalandsdiagonalen. E 134 sin arm til Bergen

(Kontakten mellom E134 og E 39 i Hordaland)

- Rv 13 frå Suldal til Røldal vil bli ein langt viktigare tilførselsveg til E 134 veg i åra som kjem m.a. grunna den trafikale effekten av Ryfast frå og med 2019. Vegstandarden på Rv 13 frå Suldal grense til Håra ( E 134 ) må betrast monaleg i planperioden.
- Rv 13 på Suldal grense til Håra må få betre vinterregularitet. Avsettinga til rassikring ved Lonavatnet er ikkje nok. Omkøyingsveggar finst i praksis ikkje.
- Rv 13 som tilførselsveg til reislivsmålet Røldal frå Rogaland vil og auka betydeleg - då særleg om vinteren

Pkt 6. Merknad / presisering

- Odda kommunestyre understrekar verdien av å sjå ny linjeføring/ traseval for Rv 13 i Oddadalen og den trafikale løysinga for Odda by i eit samla plangrep.

Pkt 7. Nytt kulepunkt:

- Odda kommunestyre ber om at traseen Odda – Norheimsund vert definert som ny riksveg. Den komande Hordalandsdiagonalen vert definert som ny riksveg på strekninga mellom E 134 og E 39 i Hordaland så snart trasevalet er avklart.

**Ordføraren i Odda 15.06. 2016**

**22.06.2016 Odda kommunestyre**

**Behandling:**

Tokheim (V); Uttalen er for lang og kan redigerast og føreslo ;

**Uttale til Nasjonal transportplan frå Odda kommunestyre:**

**E134:**

1. Tunnel Seljestad-Liamyrane må inn i første del av planperioden med oppstart i 2019.
2. Tunnel Liamyrane-Vågslid må inn i del av plan med oppstart 2021-2023. Tunnelløysinga må sikra vintersikker veg som taklar framtidig trafikkauke med årsdøgntrafikk på frå 5.000 til 10.000, alt etter endeleg vedtak i aust-vest-samband
3. KVVU for arm frå E134 til Bergen må utarbeidast snarast.

**Grunngjeving:**

E134 er vald som hovudsamband aust-vest. Tunnelar har lenge vore planlagt, og er inne i noverande NTP med oppstart før 2020. Reguleringsplan vert ferdig i 2017, og første tunnel Seljestad-Liamyrane kan starte opp alt i 2019. Denne er også eit svært viktig miljøtiltak med store besparelsar i drivstoffutgifter for tungtransporten. E134 med arm til Bergen er det klart mest lønsame prosjektet i aust-vest-utgreiinga, og ein KVVU bør difor koma fram så snart som råd for å ta endelege avgjerder for sambanda aust-vest.

**R13:**

1. Rassikring Bratlandsdalen må snarast iverksetjast, og arbeidet med standardheving frå Rogaland grense til E134 må framskundast.
2. Ras- og flaumsikring av Oddadalen (kommunedelplan vedtatt) må inn med oppstart i planperioden.
3. Rassikring Aurskreda (like sør for Odda) må inn i planperioden.
4. Rassikring Odda-Tyssedal må inn tidleg i planperioden (reguleringsplan vedtatt)
5. Øvrige standardhevingar på R13 må framarbeidast.

**Grunngjeving:**

R13 er den indre stamvegen nord-sør på Vestlandet, og standard på denne og rasutfordringar fører årleg til stenging av vegen i kortare og lengre periodar. R13 blir ein stadig viktigare tilførselsveg frå Ryfylke/Stavangerområdet med Rygfast, og vinterturismen i Røldal/Seljestad er sterkt veksande med gjester som kjem via R13.

**Arm E134-Bergen:**

KVU for arm frå E134 til Bergen må utarbeidast snarast. Dette er det mest lønsame prosjektet i aust-vest-utgreiinga, og det er viktig for det endelege vedtaket av ein nordre trase at alle fakta er på bordet. I førre NTP vart det vedtatt at E134 skulle ha ein arm til Bergen. Dette er ikkje gjennomført, og i dag må ein køyre på 8 ulike fylkes- og riksvegar for å koma den raskaste vegen frå E134 til Bergen. I første omgang må vegen frå E134 til R7 i Norheimsund få eit vegnummer og riksvegstatus.

Odda kommune støttar minimum høg ramme for løyvingar i NTP.

Opdal (H) : Hordalandsdiagonalen er eit kjernepunkt for oss. Odda kommune må også som planmyndigheit stå på.

Aga Haug (A) ; Det er ordføraren som legg fram saka. Det er ingen avvik i framlegget frå Tokheim, og kan den gjera saka tydlegare, kan den gjerne vedtakast. Prosjekta våre klare og E134 er vald som eitt av dei to hovudsambanda aust vest

**OK-064/16 Vedtak:**

**Tokheim sitt forslag vart samrøystes vedteke .**

**Uttale til Nasjonal transportplan frå Odda kommunestyre er :**

**E134:**

1. Tunnel Seljestad-Liamyrane må inn i første del av planperioden med oppstart i 2019.
2. Tunnel Liamyrane-Vågslid må inn i del av plan med oppstart 2021-2023. Tunnelløysinga må sikra vintersikker veg som taklar framtidig trafikkauke med årsdøgntrafikk på frå 5.000 til 10.000, alt etter endeleg vedtak i aust-vest-samband
3. KVU for arm frå E134 til Bergen må utarbeidast snarast.

**Grunngjeving:**

E134 er vald som hovudsamband aust-vest. Tunnelar har lenge vore planlagt, og er inne i noverande NTP med oppstart før 2020. Reguleringsplan vert ferdig i 2017, og første tunnel Seljestad-Liamyrane kan starte opp alt i 2019. Denne er også eit svært viktig miljøtiltak med store besparelsar i drivstoffutgifter for tungtransporten.

E134 med arm til Bergen er det klart mest lønsame prosjektet i aust-vest-utgreiinga, og ein KVU bør difor koma fram så snart som råd for å ta endelege avgjerder for sambanda aust-vest.

**R13:**

1. Rassikring Bratlandsdalen må snarast iverksetjast, og arbeidet med standardheving frå Rogaland grense til E134 må framskundast.
2. Ras- og flaumsikring av Oddadalen (kommunedelplan vedtatt) må inn med oppstart i planperioden.
3. Rassikring Aurskreda (like sør for Odda) må inn i planperioden.
4. Rassikring Odda-Tyssedal må inn tidleg i planperioden (reguleringsplan vedtatt)
5. Øvrige standardhevingar på R13 må framarbeidast.

**Grunngjeving:**

R13 er den indre stamvegen nord-sør på Vestlandet, og standard på denne og rasutfordringar fører årleg til stenging av vegen i kortare og lengre periodar. R13 blir ein stadig viktigare tilførselsveg frå Ryfylke/Stavangerområdet med Rygfast, og vinterturismen i Røldal/Seljestad er sterkt veksande med gjester som kjem via R13.

**Arm E134-Bergen:**

KVU for arm frå E134 til Bergen må utarbeidast snarast. Dette er det mest lønsame prosjektet i aust-vest-utgreiinga, og det er viktig for det endelege vedtaket av ein nordre trase at alle fakta er på bordet. I førre NTP vart det vedtatt at E134 skulle ha ein arm til Bergen. Dette er ikkje gjennomført, og i dag må ein køyre på 8 ulike fylkes- og riksvegar for å koma den raskaste vegen frå E134 til Bergen. I første omgang må vegen frå E134 til R7 i Norheimsund få eit vegnummer og riksvegstatus.

Odda kommune støttar minimum høg ramme for løyvingar i NTP.

## Innleiande merknader:

**Med Odda kommune sin geografiske plassering er betre samferdselsårer heilt avgjerande for vidare utvikling.** Odda har landbasert industri i nasjonal klasse med foredling av vasskraft til eksportprodukt og er og som reiseslvsprodukt og sterkt avhengig av god og effektive kommunikasjonar for å kunna utvikla seg.

I utgangspunktet er vi stengt inne av fjell, men vi har opplevd verdien av å koma nære marknadene og auka regionalt samarbeid og samhandling gjennom prosjekt som Folgefonntunellen og Jondalstunellen. Utfordringa er at enno står mykje att.

**Overordna viktig for Odda kommune i samband med Nasjonal Transportplan 2018-2029 er utbygging av dei to hovudaksane:**

- **Ny trase for vintersikker E134 over Haukeli med tunell vest og aust for Røldal og arm til Bergen som eit av to topp prioriterte aust-vest samband**
- **RV13 som indre nord-syd samband.**

Dette tyder i praksis:

1. Utvikling og snarleg realisering av **arm av E134 til Bergen sør** (Hordalandsdiagonalen). KVVU og planarbeid for denne må startast opp straks. Oppgradert E134 med arm til Bergen har ein netto nytteeffekt på 25,3 mrd NOK.
2. Utvikling og snarleg realisering av **E134 som prioritert hovudsamband aust-vest sør for Hardangervidda**. Utbygging av 134 til Haugesund har ein positiv netto nytteeffekt på 11 mrd NOK.
3. Som del av E134 sin arm til Bergen, få til snarleg realisering av ny **trase i Oddadalen** på Rv 13 inkl med passering av Odda sentrum. Dette er ein flaskehals og er ein rasutsett strekning.
4. **Utvikling av Rv13 som indre nord-sør samband**. Særleg er Brattlandsdalen; Oddadalen ( sjå og pkt over) viktig, samt området nord for Odda sentrum. Alle desse områda er og rasutsett.
5. Generelt er ein samde med Statens vegvesen og definerte overordna politiske mål om å **prioritera realisering av overordna vegprosjekt med positiv netto samfunnsnytte** som grunnlag for utvikling av regional og nasjonal verdiskapande aktivitet.
6. Odda kommune står ikkje bak fleirtalsuttale frå Hardangerrådet i høve Rv7 kontra Rv52 som nordre aust-vest samband. Odda kommune gjekk inn for alternativ formulering i det ein finn det rett å avvanta resultat frå pågåande utgreiingsarbeid vedrørande dette. Jamf. Hordaland fylkeskommune sine signal om å avvanta KVVU-arbeidet.

## Saka gjeld:

### Uttale til Hordaland fylkeskommune vedkomande; Nasjonal Transportplan 2018 – 2029.

- Uttalen byggjer på føreliggjande høyringsdokument frå regjeringa / Samferdselsdepartementet.
- Uttalen tek legg til grunn føreliggjande fråsegner frå Hardangerrådet iks, Haukelivegen as og relevante vedtak fatta av Odda kommunestyre i høve overordna samferdselsspørsmål

### Vurdering /drøfting: NTP-uttale

#### Innleiing.

**Nasjonal Transportplan 2018-29** må etter Odda kommune sitt syn i større grad reflektere analyseresultat og konklusjonar frå aust-vestutgreiinga. Det er viktig å satsa på realisering av prosjekt med positiv samfunnsnytte for å skapa grunnlag for utvikling.

**Statens vegvesen( Svv)** foreslår i denne utgreiinga at utbygging av E134 bør ha høgste prioritet av aust-vestkorridorane. Sjølv om det er ein del positive forslag i plangrunnlaget, er det rom for betydeleg meirsatsing.

Ein rett utbygd E134 Karmøy-Drammen gir stor samfunnsøkonomisk nettonytte (12mrd). Om E134 i tillegg får ein arm til Bergen, **aukar denne nettonytta til over 25 mrd.**

I forhold til berekning av samfunnsnytte, er det eit problem at mens full utbygging av E134 gir betydeleg nettonytte og er eit av dei mest lønsame samferdselsprosjekta i landet, gir utbygging av kortare delstrekningar til dels svært dårleg lønsemd.

Det største problemet med plangrunnlaget er at ny E134 over Haukelifjell ikkje blir planlagt med sikte på å tilby full vintersikkerheit, samtidig som kolonneregimet er blitt skjerpa. **Slik vi ser det, blir det planlagt for kø og kaos over fjellet når det er dårleg ver.** Etter vårt syn finst det løysingar som gir full vintersikkerheit utan den svære kostnadsauken på 7 mrd. som Vegvesenet har lagt til grunn for sine tilrådingar til Samferdselsdepartementet og som Samferdselsdepartementet (SD) har lagt til grunn for vidare planlegging.

I aust-vestutgreiinga foreslår Vegvesenet at det blir gjennomført ein KVVU for arm til Bergen (frå E134). Denne er så langt ikkje bestilt av regjeringa og ein avventar konklusjonen på KVVU Gol-Voss. Odda kommunestyre peikar på at det er stort behov for nedkorting av reisetida mellom E134 + store delar av Hardanger og Bergen, **heilt uavhengig av konklusjonen for RV7/RV52. Odda kommunestyre krev at det blir gjennomført KVVU for arm til Bergen for å avklare den langsiktige strategien for utviklinga av det vegbaserte transportbehovet aust –vert.**

### **Samandrag/ konklusjon:**

Odda kommune peikar i saka særleg på manglar og svakheiter ved vegnettet som er til aktivt hinder for ei ønska utvikling av Odda kommune/ Nordre Folgefonnregionen inkl. Ullensvang herad.

Saka skal ekpederast av: Sakshandsamar  
Særutskrift skal sendast til: Hordaland fylkeskommune  
Hardangerrådet iks  
Haukelivegen as  
Hordalandsdiagonalen as  
Arkiv

### **Appendix 1.**

#### **Utdrag frå uttale frå E134 Haukelivegen AS til NTP:**

##### **E134 Seljestad-Røldal.**

Planlegging av dette prosjektet har no pågått i 10 år, av dette reguleringsarbeid i 5 år. Når prognosen frå Svv er ferdig reguleringsplan rundt årsskiftet 2016/17, er det skuffande og uakseptabelt med byggestart først i 2022/23 – 5 år etter at reguleringsplanen er ferdig. Framdriftsplanen er faktisk dårlegare enn i inneverande NTP.

**Odda kommunestyret krev at byggestart blir tidleg i første fireårs-periode og så snart det er praktisk mulig i forhold til byggeplanlegging og anbudsprosess.**

Vi syner vidare til Stortinget sine merknader til inneverande NTP om tidleg innkrevjing av bompengar. Med bakgrunn i desse merknadene kan ein bompengeproposisjon utarbeidast og leggest fram straks reguleringsplanen er ferdig og godkjend. Vi krev at dette skjer utan meir tap av tid og så snart NTP 2018-29 er handsama av Stortinget.

##### **E134 Røldal-Vågsli.**

Som nemnt i innleiinga er det problematisk med ei framtidig løysing som ikkje er i samsvar med trafikkprognoser vi har sett i aust-vestutgreiinga. Også utan arm til Bergen er prognosen ei auke på 250% fram mot 2050, dvs. 7000 ÅDT. Året 2050 er 20 år etter opning av denne strekninga, slik forslaget nå ligg i plangrunnlaget.

Odda kommune oppmodar på det sterkast Samferdselsdepartementet til å gjere ei ny vurdering av saka og tilby full vintersikkerheit over fjellet. Det finst alternative løysingar til dei 2 som ligg til grunn for nåverande planarbeid. På den bakgrunnen krev Odda kommunestyre ei grundig og tilstrekkeleg alternativanalyse og -vurdering, der vurderingsgrunnlaget blir offentleg tilgjengeleg.

##### **E134 Bakka-Solheim.**

Dette er attståande strekning på vestsida av fjellet med svært dårleg standard, til dels utan gul stripe.

Det ligg nå føre godkjende kommunedelplanar i Etne og Vindafjord og det er svært skuffande at prosjektet ikkje er omtalt i plangrunnlaget frå Vegvesenet.

**Regjeringa si avgjerd frå desember 2015 om å satse på E134 står i kontrast til Vegvesenet si manglande prioritering av eit så viktig trafikksikringstiltak.**

##### **RV13 Oddadalen**

Strekningen frå E134 og ned mot Sandvinsvatnet er smal og rasutsett. Vinterstid er det betydelege tillegg utfordringar med regulariteten. Aurskreda er eitt av dei. Prosjektet har ein nyleg godkjend kommunedelplan.

RV13 frå E134 til Odda er ein viktig del av arm til Bergen. Oddadalen tener også nord-sør-



trafikken vidare mot Voss. Omkøyningar finst ikkje. RV 13 har i dag stort trafikktrykk - om sommaren til dels kritisk stort trafikktrykk. På årsbasis er denne strekninga viktig for tungtransporten og særleg viktig for industrikonsentrasjonane i Kvinnherad og Odda. **Det er svært skuffande og strengt teke uakseptabelt at prosjektet ikkje er omtalt i plangrunnlaget frå Vegvesenet.**

#### **E 134 Gvammen-Vågsli.**

Vi er svært tilfreds med at KVU for Gvammen-Vågsli blir gjennomført og med det tempoet det er lagt opp til. Oddas kommune viser til at Haukelivegen as vil kome med eiga høyringsuttale når prosessen er gjennomført og konklusjonane kjende. Vi legg til grunn vi ser på prosjektet som særst viktig for E- 134 som nasjonal transportkorridor, men at vintersikker og miljøvenleg veg over Haukelifjell er enda viktigare. Når konklusjonane er trekte, blir det heilt avgjerande at dei også blir sette ut i livet.

#### **Appendix 2.**

Odda kommune stiller seg bak pkt. 1-13, og stemte mot pkt. 14 til fordel for alternativt formulering, i høyringsuttale frå Hardangerrådet IKS til NTP (under).

Protokoll frå møtet:

#### **Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 27.4.2016**

Særutskrift:

**HR-sak 23/16            NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune  
Høyringsfrist 13. mai 2016.**

Ved handsaming av denne sak var det 6 ordførarar til stades.

Regionrådet drøfta om uttalen skal innehalda eit punkt som omtalar framtidige vegforbindelsar mellom austlandet og vestlandet.

Forslag til tilleggspunkt inn i uttalen:

Det vert innarbeidd eige punkt som omtalar aust-vest forbindelsane. Her vert referert det einstemmige vedtak gjort i HR i samband med uttale til aust-vest utgreiinga. I tillegg vert det gjort formulering om krav om KVU på arm frå E134 til Bergen.

Det vart føreteke prøveavrøysting om uttalen ikkje skulle ha eit tilleggspunkt som omtala aust-vest forbindelsane.

Dette forslaget fall mot 2 røyster.

Endeleg avrøysting fekk same resultat.

#### **Vedtak:**

Uttale til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 vert vedteken slik den ligg føre etter gjennomgang i Hardangerrådsmøtet 27.04.2016.

Einstemmig vedteke.

Tilleggspunkt vart vedteke mot 2 røyster (Jondal og Odda) . Det var 6 røyster til stades ved handsaming av denne saka.

**Uttalen:**

**NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP) 2018-2029. FRÅSEGN 27.04.2016**

## **Pkt 1 – 13 samrøystes vedteke i Hardangerrådet 27.04.2016**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet er regionråd for dei 7 kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Hardangerrådet har i møte av 27.04.2016 drøfta framlegg til NTP 2018-2029 frå dei statlege transportetatane og Avinor og vedteke å gi følgjande samla uttale frå Hardangerrådet:

### **1. Generell kommentar:**

Hardangerrådet vil peika på at no etter funksjonsfordelinga av vegsektoren mellom stat og fylke så føreheld denne uttalen seg til Nasjonal Transportplan.

Hardangerrådet forventar at Staten føl opp løyvingane til fylkesvegane med betydelege midlar slik at fylkeskommunane kan vera aktiv vegeigar med både drift, vedlikehald og investeringar.

### **Hardangerrådet krev at NTP vert vedteken med Høg ramme for investeringsplan.**

Hardangerrådet viser til kommunane/herada i Hardanger sine moegelege egne meir spesifikke uttalar til NTP 2018 – 2029 og vil utarbeida ei samla samferdselsprioritering for regionen i 2016.

### **2. Hardangerrådet er samd med transportetatane at høg prioritering av drift og vedlikehald er naudsynt for å ta att lagt tids forsøming og støttar Høg ramme for vedlikehaldsmidlar.**

Etterslepet for vedlikehald på fylkesvegnettet i Norge er estimert til om lag 62 mrd i 2016. Etterslepet for Hordaland ( og Hardanger ) er mellom det største i landet. I NTP-dokumentet er det slått fast at strekningar med dårleg kurvatur, liten vegbreidd, lave undergangar og bruer med totalvekt mindre enn 60 tonn vil framstå som flaskehalsar. På fylkesvegnettet i Hardanger finn ein mange døme på slike flaskehalsar.

Berekna behov for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet er 19 mrd for heile planperioden. Det vil vera moegeleg å nå vedtekne nasjonale mål med dei økonomiske rammene som er gjeve som grunnlag for NTP 2018 – 2029 og dei verkemiddel som er føreslegne tekne i bruk med Høg ramme. Dei andre planrammene er for små. Noreg har hamna håplaust på etterskot både i forhold til vedlikehald og investeringar, både når det gjeld veg og jernbane.

### **3. Hardangerrådet krev investeringsnivå i samsvar med høg ramme for vegsektoren.**

Hardangerrådet er positiv til at nokre store vegprosjekt er med i NTP-framlegget. I den samanhengen vil me peika på følgjande:

- E 16 Voss - Stanghelle
- E 134 Røldal – Seljestad
- E 134 Vågslid – Røldal

### **Hardangerrådet forventar auka midlar til følgjande prosjekt i planperioden:**

- Oppstart av Røldal – Seljestad: E134 tunnelane Seljestad – Røldal og Røldal – Vågslid vert bygd i tråd med Statens Vegvesen sine planar i NTP-perioden 2018 – 2029 og med oppstart så tidleg som moegeleg i første del av planperioden 2018 – 2029.
- Rv 13 Planavklaring og bygging av ny trase i Oddadalen, i samarbeid med Odda vegfinans, og Odda sentrum x Fv 550/551 i løpet av planperioden.
- Rv 13 Odda – Bu med utbetring av smale parti som trafikkisikringstiltak og nyanlegg. Tunnel Stana - Skjelvik i Odda kommune.
- Det vert kravd snarleg igangsetjing av utbetring Rv 13 Kinsarvik – Kyrkjenes.
- Rv 7 Garen - Maurseth vert bygd i planperioden.

### **4. Skredsikring.**

## **Hardangerrådet krev 2 mrd. årleg til nasjonal rassikring og trygge fjordveggar**

Nasjonal rassikringsgruppe har eit uttalt mål om at det offentlege vegnettet i Norge skal vera sikra mot ras innan 2030. Hardangerregionen har fleire av dei alvorlegaste raspunkta og rasstrekningane i Norge. Å sikra rastrygge vegar må vera eit minstekrav for å ta heile landet i bruk og skapa busetnad og næringsutvikling i distrikta. Dette gjeld skuleveggar, pendlarveggar, næringstransport og ikkje minst fritidsreisande i ein av landets største reiselivsregionar, Hardanger. For å nå målsetjinga til Nasjonal rassikringsgruppe må arbeidet prioriterast gjennom heile NTP-perioden 2018 – 2029.

### **Hardangerrådet er skuffa over at det ikkje er funne plass for fleire viktige rassikringsprosjekt i NTP 2018 – 2029. Her er med:**

- Rv 13 Øvre Lonevatn. Dette tiltak er oppført med for små midlar. Tiltaket må prioriterast i første del av planperioden.

### **Hardangerrådet krev at følgjande rassikringstiltak vert prioriterte inn i NTP 2018 - 2029:**

- Rv 13 Odda - Tyssedal vert prioritert til første del av planperioden.
- Rv 13 Rassikring av Aurskreda i Odda kommune vert prioritert i planperioden.
- Rv 13 Rassikring Fresvik-Stana i Ullensvang/Odda vert prioritert i planperioden.
- Rv 7 Kyskreda/Bergafallet i Eidfjord kommune vert prioritert i planperioden.

## **5. Hardangerrådet forventar gul stripe på riksvegane i Hardanger.**

Når Stortinget har bestemt at Rv 7 og Rv 13 er riksveggar så forventar Hardanger riksvegstandard med gul stripe og vegbreidde på 8,5 m, i visse parti 7,5 m, og tilfredstillande geometri. Hardangerrådet viser mellom anna til Plan for Stamveg Rute 4 c av 2006 og Konsekvensutgreiing for Rv 13 gjennom Ullensvang av 2007.

## **6. Ny vegpakke frå Hardanger må fremjast i NTP-perioden.**

Med bakgrunn i det store etterslepet på veginvesteringar i Hardanger, så tek kommunane i regionen initiativ til nye samordna vegpakkar med eller utan bompengar. Oddapakken er under utarbeiding og regulerer stamvegføringa i sentrum av Odda by og som skapar trygg veg i Oddadalen.

## **7. Hardangerrådet ber om omdefinering av Fv 7 Trengereid –Norheimsund - Granvin til Riksveg. Behov for midlar til oppgradering av denne vegen.**

Hardangerrådet viser også til innspelet til Samferdselsdepartementet å etablere Fv 7 gjennom Hardanger som avlastningsveg til E 16 Voss Trengereid. Hardangerrådet tilrår at Fv 7 i slik samanheng vert omdefinert til Riksveg 7 på strekninga Granvin – Trengereid. Her vil Kvammapakken vera ein nyttig samarbeidspart der både Håfjellstunnel og Hardangertunnelen betrar samkvemet Hardanger - Bergen. I samband med utbygging av E16 Arna – Voss vil det vera avgjerande at Fv 7 vert utbetra til å ta imot den trafikk som vert overført frå E16 i anleggsperioden. Den uholdbare situasjonen som oppstår ved stengingar av E16 har ved mange høve vist behovet for «omkøyringsmidlar» til denne vegen.

## **8. Turistveg Hardanger og vegutbygging i Hardanger må arbeida saman.**

Det er svært positivt at Nasjonale Turistveggar no satsar vidare i eit spleiselag i Hardanger med endring av Turistveg Hardanger og Turistveg Hardangervidda. Utbygging av fossepunkta Vøringfossen Rv 7 og Låtefossen Rv 13 må fullførast i planperioden. Størst mogleg del av ramma må prioriterast i første del av perioden.

## **9. Hardangerrådet meiner at reisetida med Bergensbanen Oslo – Bergen må ned til 4t og 15 min i neste planperiode og at større godsmengder må overførast frå vegane til Bergensbanen.**

Hardangerrådet er svært positiv til at

- Dobbelspor gjennom Ulriken vert bygd i 2014-2017
- Bergensbanen vert opprusta i samsvar med alternativ K5.

Hardangerrådet forventar vidare:

- Forsering av planarbeidet for Bergensbanen med fullføring av Ringeriksbanen innan 2023 sik at reisetid Bergen Oslo vert 4t og 15 min.

### **10. Høgfartsjernbanestruktur i Noreg må besluttast i planperioden.**

Hardanger forventar ei satsing på Høgfartsbane i SørNoreg og viser til at Haukelibanen er den trasen vest-aust med størst passasjerpotensiale. For Hardanger vil Haukelibanen vera ei sterk vitaminsprøyte for regional utvikling.

### **11. Dei regionale flyplassane Flesland og Helganes må få rammevilkår til å vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner.**

Sentraliseringa på Gardermoen må ikkje vera til hinder for at Flesland og Helganes får vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner og slik aktivt delta i å utvikla Vestlandet og Hardanger som destinasjonar for internasjonale næringar.

### **12. Hardanger vil verta ein stor cruisehamndestinasjon.**

Ein rasjonell hamnestruktur i Hardanger er avgjerande for å styrkja næringslivet. Norsk sjø- og hamnestruktur må organiserast slik at den aukande cruisemarknaden får tilfredstillande infrastruktur og rammevilkår. Det er viktig at norske cruisehamner har same rammevilkår som europeiske hamner. Ansvar for hamnene for Hardanger må samlast, både av omsyn til hamneadministrasjon og beredskapsordningar.

- Hardangerrådet ber om at ny seglingslei til Bergen Hamn vert bygd i planperioden.

### **13. Gang og sykkelveggar langs Riksvegane i landet.**

Hardangerrådet er forundra over at gang og sykkelveggar har så låg fokus i NTP 2018 - 2029 og ber om at et vert innarbeide ein eigen handlingsplan for dette.

### **Tilleggspunkt til uttalen vedteke i Hardangerrådet med 4 mot 2 røyster:**

#### **14. Vegsamband mellom Austlandet og Vestlandet.**

Fleirtalet ønskte å senda Hardangerrådet sin uttale til «Øst-vestutredningen» som uttale til NTP for perioden 2018 – 2029.

Hardangerrådet gjorde i sitt møte 07.05.2015 einstemmig vedtak om å senda slik uttale til «Høring øst-vestutredningen»:

*Hardangerrådet iks sender med dette sin uttale til «Høring øst-vestutredningen» med høyringsfrist 08.05.2015 og ber om at den vert registrert. Hardangerrådet iks gjorde slikt vedtak i møtet 07.05.2015:*

*«Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks er ikkje høyringsingsinstans, men tillet seg likevel å gje uttale til høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som ein regional konklusjon av kommunale uttalane frå eigarkommunane.*

1. *Hardangerrådet iks viser til konklusjonen i høyringsdokumentet «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet» som tilrår to hovudveggar med fjelloverganger mellom Austlandet og Vestlandet, ein på sørsida av Hardangervidda og ein på nordsida. Hardangerådet tilrår E 134 over Haukeli og Rv 7 over*

*Hardangervidda.*

2. *Hardangerrådet iks tilrår, i tråd med anbefalingane frå Statens Vegvesen, at det vert bygd ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store nasjonale og regionale effektar. KVVU-arbeidet for dette alternativet må setjast i gang snarast.*
3. *Hardangerrådet iks vil også i denne saka på understreka verdien av at arbeidet med strekninga E 16 Voss-Bergen må fullførast , og at det i denne samanhengen vert utreidd tiltak på Fv 7 som avlastningsveg for E 16.*

Mindretalet( Jondal og Odda ) ønskte med tilvising til pkt. 1 ovanfor å venta med å senda NTP-uttale om dette spørsmålet til fagetatane si tilråding føreligg basert på eit utvida kunnskapsgrunnlag utifrå Regjeringa si bestilling i desember 2015.